

# Sluttrappport til KMD

## Bulystprosjektet «Velkommen til Vik»

### Bulyst 2013.

Tilsegningsnummer 13242068

November 2016



## Innhold

1. Bakgrunn .....	4
2. Mål med prosjektet .....	4
2.1. Delmål.....	4
3. Strategiar, delprosjekt og målgrupper .....	4
3.1. Strategiar .....	4
3.2. Delprosjekt .....	4
3.3. Målgrupper.....	5
4. Resultat av aktivitetar og tiltak .....	5
4.1. Prosjektlear.....	5
4.2. Organisasjon.....	5
4.3. Bygdeutvikling og bulyst.....	5
4.3.1. Tilrettelegging for bustad og folk i tomme hus .....	5
4.3.2. Arbeidsplassar og arbeidsmarknad .....	6
4.3.3. Verving, integrering og basistjenester for tilflyttarar.....	6
4.3.3.1. Arbeidsinnvandrar .....	6
4.3.3.2. Flyktningar .....	7
4.3.3.3. Folk med tilknytning til og/eller røter i Vik.....	7
4.3.3.4. Karrieremesser .....	8
4.4. Integrering og inkludering .....	8
4.4.1. Ansvarsgruppe flyktningar.....	8
4.4.2. Innvandarkvinner og Mat.....	9
4.4.3. Norsk kurs.....	9
4.4.4. Multikulti Festival Vik 2016 .....	9
4.4.5. Flyktningguide .....	10
4.4.6. Kultursensitivitet .....	10
4.5. Møteplassar og utvikling av fellesgode .....	10
4.5.1. Grafisk Profil .....	10
4.5.2. Tilskot til festivalane.....	11
4.5.3. Vertskapskurs .....	11
4.5.4. Deltaking på samlingar .....	12



4.6. Folketalsutvikling.....	12
5. Evaluering/vidareføring.....	13
5.1. Evaluering.....	13
5.2. Vidareføring.....	14
6. Økonomi.....	14
7. Vedlegg.....	15



## 1. Bakgrunn

Bulystprosjektet «Velkomen til Vik» vart starta med bakgrunn i at folketalet i Vik kommune hadde minka med om lag 200 personar i perioden 2002-2012. Statistisk sentralbyrå si middelsvekst MMMM framskriving viste i 2012 eit innbyggjartal på 2600 i 2024.

Dette ville føra til reduserte inntekter til kommunen, og svekka grunnlag for tilbod og tenester. For utkantbygdene Fresvik og Arnafjorden vil vidare nedgang kunne trua grunnlaget for basistilbod som skule og butikk og desse bygdene kan i verste fall bli avfolka.

## 2. Mål med prosjektet

Hovudmål: snu ei negativ folketalsutvikling

### 2.1.Delmål

- 2.1.1.Gjere Vik kommune og bygdene attraktive å flytte til gjennom etablering av gode basistilbod/tenester for tilflyttarar
- 2.1.2.Å tiltrekke nye innbyggjarar til kommunen og bygdene gjennom kontakt mot målgrupper og aktive tiltak for busetting
- 2.1.3.Å gjere Vik kommune og bygdene til ein attraktiv stad å bu gjennom vidareutvikling av tilbod og tenester
- 2.1.4.Å arbeide for ein forbetring av infrastrukturen slik at innbygarane i Vik kommune kan utvide sitt geografiske arbeidsområde

## 3. Strategiar, delprosjekt og målgrupper

### 3.1.Strategiar

Ved søknaden om bulystmidlar vart det satt 2 hovudstrategiar:

- 3.1.1.Prosjekt for tilflytting, innvandring og integrering: «Velkomen til Vik»
- 3.1.2.Bygdeutvikling og bulyst

### 3.2.Delprosjekt

Det vart peika ut 4 delprosjekt:

- 3.2.1.Tilrettelegging for bustad og folk i tomme hus
- 3.2.2.Arbeidsplassar og arbeidsmarknad
- 3.2.3.Verving, integrering og basistenester for tilflyttarar
- 3.2.4.Møteplassar og utvikling av fellesgode



### 3.3.Målgrupper

- 3.3.1.Arbeidsinnvandrar (primært frå Europa)
- 3.3.2.Flyktningar
- 3.3.3.Folk med tilknytning til og/eller røter i Vik

## 4. Resultat av aktivitetar og tiltak

### 4.1.Prosjektleiar

Det vart tilsett ein prosjektleiar for «Velkomen til Vik» i 80% stilling den 1.4.2014.

### 4.2.Organisasjon

Prosjekteigar: Vik Kommune  
Prosjektansvarleg: Rådmannen  
Prosjektleiar: Eigen prosjektleiar i engasjement  
Styingsgruppe: Rådmann, NAV-leiar, Næringsssjef, Plansjef, Prosjektleiar  
Referansegruppe/ arbeidsgrupper: gruppe: arbeid, bustad, språkopplæring  
Samarbeidspartnare: Distriktsenteret, fylkeskommunen, lag og organisasjonar, Vik Næringsssamskipnad  
Forankring: vedtak av kommunestyret

### 4.3.Bygdeutvikling og bulyst

Me har jobba med vertskap (vertskapskurs), Vik sin identitet og (grafisk) profil, og inkluderingsarbeid. Aktivitetar og tiltak i samband med desse emne vert nærare omtalt under punkt 4.4 og 4.5.

#### 4.3.1. Tilrettelegging for bustad og folk i tomme hus

Kartlegging av leigemarknaden i Vik Kommune: vi har jobba systematisk med å kartlegge utleigebustader frå private utleigarar, med mål om å inngå avtalar med private utleigarar om leige av hus for busetjing av flyktningar. I tillegg formidlar me informasjon om leigebustader vidare til interesserte tilflyttarar i dei andre målgruppene. Me har lukkast bra med å rekruttere nok bustader til busetjing av flyktningar. Per i dag leiger Vik Kommune 11 bustader hjå private utleigarar. Likevel ser me at det er trangt på leigemarknaden i Vik, fordi at Vik Kommune buset så mange flyktningar som beslaglegger alle ledige bustader i Vik sentrum. Bustadbehovet er per i dag større enn marknaden og det er eit behov for fleire bustader. Kommunen jobbar med å utvikle eit bustadpolitisk handlingsplan og er i startfasen med utbyggingsprosjekt som vil gje fleire bustader til vanskelegstilte (inkludert flyktningar) og gjennomgangsbustader.

Eigedom utan fast busetnad: vi har kartlagt (i løpet av 2014 og 2015) så mange som muleg av bustadene i Vik kommune som ikkje vert brukt som heilårsbustad. I



kartlegginga vart hus som er registrert som hytte eller fritidsbustad ikkje teke med. Huseigarane av totalt 180 eigedom utan fast busetnad fekk i august 2015 eit brev der dei vart bedt om å vurdera framtida for eigedomen sin. I tillegg vart det utlyst tilskot til oppussing av desse eigedom/hus, med mål om å få fleire av desse husa i bruk att på heilårsbasis. Det viktigaste vilkåret for å få tildelt tilskot var at det må busetja seg nokon i huset (eigar eller leigetakarar) i minst 5 år etter tildeling av tilskotet. Sjå tabell 1 for resultatet i tal bustader som kom (og som me forventar å komme) på bustadmarknaden etter avslutta prosjekt.

**Tabell 1: Resultat tilskotsordninga «tilskot til oppussing av hus utan fast busetnad».**

Søknadsår/ utbetalingsår	Tal søkjjarar	Budsjetterte/ løyva midlar	Utbetalte midlar	Tal hus tilgjengeleg på bustadmarknaden
<b>2015/2016</b>	6	Kr 305 677	Kr 116 177	2 (+ 2 overført til 2017)
<b>2016/2017</b>	6	Kr 230 000	-	7 (forventa, ink. 2 frå 2016)
<b>2017/2018</b>	6	Kr 470 000	-	5 (stipulert)
<b>Totalt</b>	<b>Ca 18</b>	<b>Kr 1 000 000</b>	<b>Kr 1 000 000 (forventa)</b>	<b>Ca 15</b>

#### 4.3.2. Arbeidsplassar og arbeidsmarknad

Hausten 2014 vart det gjennomført ei kartlegging av forventa utviklinga av arbeidsplassar og behov for arbeidstakarar i heile Vik Kommune i perioden 2014-2017. Resultatet av kartlegginga var presentert i rapporten «velkomen til vik og Arbeidsplassar», som har gitt oss meir kunnskap om kor mange stillingar og kva type stillingar som blir forventa å bli ledig i løpet av 2015-2017 i samband med vekst av eksisterande verksemder og erstatning av dei som går ut i pensjon. Denne kunnskapen vert blant anna bli brukt i rekrutteringsarbeidet ovanfor arbeidsinnvandrarar og arbeidsretta utdanning av flyktningar. Sjå vedlegg 1 for rapporten.

Det er planlagt at rapporten skal rullerast annakvart år.

#### 4.3.3. Verving, integrering og basistjenester for tilflyttarar

##### 4.3.3.1. Arbeidsinnvandrar

I staden for å drive med aktiv verving av arbeidsinnvandrarar, har me lagt til rette for å hjelpe arbeidsinnvandrarar med det som måtte vere nødvendig for å kunne busetja seg i Vik. Det har vore størst behov for norskkurs blant



arbeidsinnvandrarar for å kunne bli verande i Vik. Sjå meir om norskkurs under punkt 4.4.3.

**Tabell 2: stipulert arbeids- og familieinnvandring i Vik Kommune (ikkje flyktning)**

	2013	2014	2015	2016
<b>Innvandrarar</b> (kjelde: SSB)	35	23	24	28 (t.o.m. 3. kvartal)
<b>Busette flyktningar direkte frå utlandet</b> (inkludert familiesameining)	2	0	13	19 (t.o.m. 3. kvartal)
<b>Stipulert arbeids- /familieinnvandring</b> (ikkje flyktning)	<b>33</b>	<b>23</b>	<b>11</b>	<b>9</b> (t.o.m. 3. kvartal)

#### 4.3.3.2. Flyktningar

Vik Kommune har busett forholdsvis mange flyktningar i 2015 og 2016. Flyktningane bidreg på ein positiv måte til (blant anna) folketalsutviklinga i Vik, og me har lagt mykje arbeid i integrerings- og inkluderingsarbeidet (sjå punkt 4.4).

**Tabell 3: Busetjing av flyktningar i Vik Kommune**

	2013	2014	2015	2016
<b>Busetjing frå mottak (innanlands flytting)</b>	0	3	9	6
<b>Overføringsflyktningar (innvandring)</b>	0	0	11	12
<b>Familiesameining (innvandring)</b>	2	0	2	7
<b>Totalt busett</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>22</b>	<b>22</b>

#### 4.3.3.3. Folk med tilknytning til og/eller røter i Vik

Tilflytting innanlands frå andre enn flyktningar har lege rundt 40 personar i 2013-14 og auka mykje i 2015. I 2016 forventar me eit tal som ligg rundt 60-70 personar



(som ikkje er med i statistikken frå SSB endå). Me veit ikkje kor stor del av personane, som flytta til Vik frå andre stader i Norge, har tilknytning til Vik. Me har likevel sett ein tendens at fleire(småbarns) familiar vel å flytte til Vik, spesielt i 2015 og 2016.

**Tabell 4: tilflytting innanlands til Vik Kommune (ikkje flyktning)**

	2013	2014	2015	2016
<b>Tilflytting innanlands totalt(kjelde: SSB)</b>	44	38	81	59 (t.o.m. 3.kv)
<b>Busetjing frå asylmottak</b>	0	3	9	6 (t.o.m. 4. kv.)
<b>Tilflytting innanlands (ikkje flyktning)</b>	<b>44</b>	<b>38</b>	<b>72</b>	<b>53 (t.o.m. 3. kv.)</b>

#### 4.3.3.4. Karrieremesser

For å verve tilflyttarar frå Norge, med eller utan røter i Vik, har me jobba mykje med marknadsføring av Vik. både som stad å bu, Vik Kommune som arbeidsgivar og andre bedrifter i Vik. Dette har me gjort ved å reise på karrieremesser (Trondheim (2015) og Bergen (2015 og 2016)), i tillegg til å arrangere vår eiga karrieremessa i Vik. Karrieremessa i Vik vart arrangert på Pinsesundag, under ein av Vik sine årlege festivalar, Gamalostfestivalen. Ein gjekk utifrå at det ville vere ein del folk med tilknytning til vik i bygda som ville vere interessert i å arbeide (og bu) i vik. Det var 10 deltakande bedrifter frå Vik, og Vik Kommune var ein av dei. Det var 57 registrerte deltakande personar, for det meste med norsk og austeuropeisk bakgrunn.

## 4.4. Integrering og inkludering

Det er gjennomført ein del tiltak og aktivitetar med mål om å integrere og inkludere både arbeidsinnvandrarar, flyktningar og andre tilflyttarar i de lokale samfunnet, samt å skape meir aktivitet og ikkje minst engasjement blant «lokalbefolkninga»:

### 4.4.1. Ansvarsgruppe flyktningar

Busetjing og integrering av flyktningar viste seg til å vere ganske så omfattande. Prosjektleiar av tilflyttarprosjektet har, som ein del av prosjektleiar-rolla, hatt rolla som flyktningkoordinator. Dette inneberer å koordinere månadlege møter med alle etatar i kommunen som har ansvar for ein del av busetjings- og integreringsarbeid (ansvarsgruppa for flyktningar), samt å skrive referat for møta og å følgje desse opp.

I tillegg til å koordinere ansvarsgruppa har prosjektleiaren også fått ansvaret for å jobbe for god integrering av flyktningar og arbeidsinnvandrarar og å skaffe hus til alle flyktningar som vert busett i Vik (sjå kapittel ... om hus). Det siste inkluderer også å lage husleigeavtalar, oppfølging av kontakt med huseigarar, tiltak for å utbetre kvaliteten





på hus osv. Når det gjeld integrering har tilflyttarprosjektet prøvd å skape arenaer der dei norske innbyggjarar og innbyggjarane med innvandrarakgrunn kunne samlast og komme fram til ein god integrerings- og inkluderingsstrategi blant anna seminaret «Vertskap og inkludering» med Vertskapet AS.

#### 4.4.2. Innvandrarkvinner og Mat

Prosjektet gjekk ut på at Vik Kommune gav innvandrarkvinner, med manglande norskkunnskap og utan fast arbeid, høve til å delta på kurset «Innvandrarkvinner og Mat» på Vestnorsk Kulturakademi på Voss. Målet var å auke norskkunnskapar og å komme i fast arbeid. Dette var eit samarbeid med Vik Kvinne og- Familielag om oppfølging av deltakarane. Prosjektet starta i hausten 2013 og vart avslutta hausten 2014.

#### 4.4.3. Norskurs

I januar 2015 har Folkeuniversitetet vestlandet og Vik Kommune inngått ei avtale om opplegg for norskurs for arbeidsinnvandrarar. Avtala gjekk ut på å ha eit fast opplegg med norskurs på forskjellige nivå, der deltakarane betalte eit beløp langt under kostprisen med mål om å senke terskelen for å tileigna seg det norske språket, og der Vik Kommune støtta det resterande beløpet. Det har fungert fint i 2015. Hausten 2015 vart det søkt (av Folkeuniversitetet, på vegne av Vik kommune og Vik Næringsssamskipnad) om midlar til forprosjekt for søknad om BKA midlar (basiskompetanse i arbeidslivet), med mål om å kunne dekke kostnadene for norskopplæring for arbeidstakarane i Vik av desse midlane. Desse vart tildelt og det har i 2016 resultert i Norskurs på 3 forskjellige nivå som er gratis tilgjengelig for alle som er busett i Vik og som har arbeidsgivar i Vik. I alt har det delteke mellom 30 og 40 deltakarar på kursa som me arrangerte. For 2017 er det også søkt om Kompetansepluss («nye BKA») midlar for å kunne driva kursa.

#### 4.4.4. Multikulti Festival Vik 2016

I 2015 stod opp ideen om å skapa eit arrangement for å synleggjere mangfaldet av kulturar i Vik, og å skape ein arena for å bli betre kjent med kvarande og kvarandre sine kulturar, i ei bygd der alle tilsynelatande kjenner kvarandre, men der ein eigentleg kjenner lite til kvarandre sitt opphav og kultur. Det vart bestemt å skipa til Vik sin første vinterfestival: Multikulti Festival Vik.

Måla for festivalen var:

- Å fremje generell interesse for kunst, kultur og musikk



- Få god media dekning av både festivalen, Vik, sponsorar og andre samarbeidspartnarar
- Å skape interesse for festivalen på nettsida og sosiale media året rundt
- Å tiltrekke fleire besøkjande til Vik og regionen
- Å engasjere innbyggjarane i kommunen og auke integrering og inkludering i Vik og nabokommunane, gjennom å nå ut til nye målgrupper og leggje til rette for å byggje nye varige relasjonar mellom menneske og organisasjonar
- Å bidra til at skulane i Vik får endå større mulegheiter til å delta i kulturelle aktivitetar

Festivalen vart helde den 27. februar 2016. og bestod av ein danse- og trommeverkstad, matmesse, aktivitetar for barn, scene-presentasjonar og ein kveldskonsert. Det var ca 500 besøkjande, og inngangen var gratis til alle delar av arrangementet.

Festivalen var ein stor suksess og klarte å nå måla som vart satt. Det vart skreve ein evalueringsrapport som dekkja tilbakemeldingar frå besøkjande, frivillige og arrangementskomiteen på dei forskjellige organisasjons-område, i tillegg til ein rekneskapsdel. Evalueringsrapporten vil bli brukt til å gjere neste Multikulti Festival Vik, som er planlagt den 4. mars 2017, endå betre. I 2017 er det den ideelle organisasjonen (LevSaman) i Vik som har overteke arrangør-ansvaret.

#### 4.4.5. Flyktningguide

I samarbeid med Vik Røde Kors har Vik Kommune kopla relativt nyankomne flyktningar med folk som ynskjer å bidra som flyktningguide. Flyktningguidane har som oppdrag å guide flyktningane i lokalsamfunnet, både på geografisk og sosialt nivå. Det var 5 flyktningar og 5 flyktningguidar i prosjektet som gjekk i frå mai til november 2016, og prosjektet vert evaluert i desember 2016.

#### 4.4.6. Kultursensitivitet

Det vart i februar 2016 arrangert eit foredrag frå RVTS vest om kultursensitivitet. Fordraget vart ope for alle. I tillegg vart alle tilsette i den kommunale oppvekstsektoren pålagt til å delta. Temaet for foredraget var: «Kva skjer nar kulturar møtast og korleis løyser vi dei utfordringane som kjem». Foredragshaldaren Chiku Ali og Elisabeth Harnes vart oppfatta som svært inspirerande og tilbakemeldingane var positive.

### 4.5. Møteplassar og utvikling av fellesgode

#### 4.5.1. Grafisk Profil

Vik Kommune har hausten 2014 og våren 2015 hatt ein prosessen for å skapa eit nytt grafisk profil. Målet med den nye grafiske profilen var

- å gi Vik kommune eit nytt ansikt utatt



- å introdusera Vik sitt nye slagord #velkomentilvik
- å skape positiv blest rundt Vik
- at alle bedrifter og lag og organisasjonar kan få bruke delar av den nye grafiske profilen i marknadsføringa si, og for å bidra til marknadsføringa av Vik (dei siste 2 element, sjå nede)

Vik sitt nye grafiske profil består av 3 element:

- Vik sitt kommunevåpen:



- Grafisk motiv som står for fjord og fjell og som er bygd opp av rombar, som også stavkyrkja er bygd opp av:



- Grafisk utforming av Vik sitt slagord #velkomentilvik:

#velkomentilvik

Prosesen var ferdigstilt i april 2015 og har resultert i den nye grafiske profilen som no vert brukt i alle publikasjonar frå Vik Kommune.

#### 4.5.2. Tilskot til festivalane

Frå 2014 til og med 2016 vart tilskotet til dei faste festivalane i Vik - Gamalostfestivalen, Fres festival og Norsk Bringeberfestival - finansiert av «Velkomen til Vik». I tillegg vart i 2016 Vik si nyaste festivalspire «Multikulti Festival Vik» finansiert av bulystprosjektet. Tilskot til festivalane vert finansiert av bulystprosjektet fordi at Vik Kommune ser på festivalane som ein god nasjonal marknadsføring av Vik som bu-, arbeids-, og feriestad.

#### 4.5.3. Vertskapskurs

Det har i prosjektperioden vore eit samarbeid med bedrifta «Vertskapet AS» med som mål om å skape meir bevisstheit rundt ein kvar si rolle i samfunnet i forhold til å møte andre menneske som ambassadør for Vik, både i offisielle og daglegdagse høve.

Den første samlinga handla om «vertskap» generelt, korleis me kunne skape ein velkomstkultur i Vik, for både innbyggjarar, bedrifter og besøkjande. Me fann også ut at me i Vik ynskje å stå fram som *rause, inkluderande og skapande*.

Den andre samlinga handla om «*Vertskap- vegen til eit inkluderande Viksamfunn*» der me drøfta kring kva me kunne gjere, praktisk sett, for å verkeleg bli opplevd som inkluderande av våre nye innbyggjarar.



#### 4.5.4. Deltaking på samlingar

Prosjektleiar har delteke på ein del samlingar i samband med oppstarten av bulystprosjektet:

- Bulystkonferansen 2014 (Skei, april 2014)
- SognaVERT kurs (i regi av Nærøyfjorden Verdsarvpark, Lærdal, april 2014)
- Fagdag bustadutvikling (i regi av «Flytt til Hardanger», Granvin, juni 2014)
- Vestlandsk Vidsyn 2014 (Stavanger, september 2014)
- Fagsamling om inkludering av innvandrarak på Frøya (Distriktssenteret, oktober 2014)

## 4.6.Folketalsutvikling

**Tabell 5: befolkningsframskrivingar frå SSB i 2012, og den faktiske folketalutviklinga 2012-2016**

Alternativ MMMM	2012	2013	2014	2015	2016
<b>Framskrivning 2012</b>	2748	2728	2716	2691	2685
<b>Faktisk</b>	2748	2731	2688	2678	2689
<b>AVVIK</b>	<b>0</b>	<b>3</b>	<b>-28</b>	<b>-13</b>	<b>4</b>

Folketalet per 3. kvartal 2016 var 2.717, ein auke på 28 i løpet av 2016



## 5. Evaluering/vidareføring

### 5.1. Evaluering

I søknaden om bulystmidlar i 2013 var det skissert ei prosjektperiode på 5 år. Oppstarten av bulystprosjektet vart utsett til april 2014, då prosjektleiaren begynte i stillinga. Prosjektperioden er difor blitt endra frå 2013-2017 til 2014-2018. I skrivande stund har ein komen cirka halvvegs i prosjektperioden.

Det har blitt brukt ressursar i tråd med intensjonane for prosjektet. Både gjennom ressursar i kommunens organisasjon og økonomiske midlar. Dei mange positive tiltaka vi har gjennomført sidan prosjektet vart starta har skjedd grunna prosjektets og innbyggjarane sitt fokus på bulyst og innsatsen for å stande folketalsnedgangen.

Prosjektet har så langt klart å oppnå ein del av resultatmåla som vart satt i 2013:

- *Etablering av gode basistilbod og tenester for tilflyttarar:*
  - ein person å vende seg til når ein har ynskje eller skal flytta til Vik og treng informasjon eller hjelp
  - stødig opplegg for norskkurs
  - god kunnskap til arbeidsmarknaden, gode mulegheiter til å «styrke tilfeldigheitene»
- *Vellukka verving av tilflyttarar gjennom kontakt og aktive tiltak for busetting*
  - Karrieremessene, både lokalt og i Bergen/Trondheim
  - Flyktningkoordinator-rolla som sikrar integrering og inkludering av både flyktningar og arbeidsinnvandrarar på best muleg måte
  - eit inkluderande samfunn

- *Vidareutvikling av tilbod og tenester*

Dette er eit mål som er vanskeleg å måle. Vidareutvikling av tilbod og tenester er ein kontinuerleg prosess, som me har jobba med og skal jobba vidare med i lang tid framover.

- *Folketalet 1.1.2016 skal vera minst det same som 1.1.2013. Folketalet i skal deretter vere aukande.*

Folketalet den 1.1.13 var på 2731 personar, og den 1.1.16 var det på 2689 personar. I skrivande stund har folketalet komen opp til 2717 personar. Dette kan me tolke som at me har bremsa folketalsnedgangen kraftig og at eit kontinuerleg framhald av arbeidet bør stanse folketalsnedgangen.



## 5.2. Vidareføring

Fokus på bustad: Vik treng fleire byggjeklare og attraktive tomter, i tillegg til fleire leigebustader. Vik Kommune har per i dag 12 tomter under oppføring på Vangsnes, som vil bli ferdig våren 2017. I tillegg har prosjektet bidrege vesentleg til å arbeide for avsetjing av areal til bustadbygging. Desse prosessane er no nært føreståande å bli realisert. Mangel på bustader har i lang tid vore eit viktig ankepunkt frå dei som ynskjer å flytte til Vik. Når ein i løpet av dei næraste åra vil ha mange fleire bueiningar til tilflyttarar forventar vi at det vil være til god hjelp både for folketalsutviklinga og arbeidskraft til næringslivet.

Fokus på busetjing av flyktningar: busetjing av flyktningar bidreg i stor grad til auke av innbyggjartalet i Vik. Både direkte, og indirekte, då busetjing av flyktningar, og spesielt einslege mindreårige flyktningar, skapar arbeidsplassar i Vik. I 2015 og 2016 har innsatsen pendla over frå bulystprosjektet til å ta del i arbeidet med busetting av flyktningar. Vik kommune har busett kring 50 flyktningar i prosjektperioden. Vår erfaring er at vi må ha same fokus og innsats mot denne tilflyttargruppa som klassiske arbeidsinnvandrarar. Vår målsetting er å utvikle flyktningane til å bli full ut integrert og inkludert i samfunnet vårt slik at dei blir fullverdige bidragsytarar som innbyggjarar og arbeidstakarar i Vik Kommune

## 6. Økonomi

Revidert rekneskap ligg vedlagt.

Nokre andre kostnader som skal belastast Bulyst prosjektet er ikkje utgiftsførte på dette tidspunktet. Dokumentasjon ligg vedlagt. Dette gjeld

- Tilskot til Fres Festival på kr 40.000.
- Tilskot til oppussing av tomme hus på kr 149.227

### Gjennomgangsbustadar:

Det vart sendt ut ein prosjektkonkurranse til 5 potensielle utbyggerar på eit prosjekt vi kallar Øenmarki i Vik. Dette er til stor del eit resultat av arbeidet som er lagt ned i tilknytning til Velkomen til Vik-prosjektet. Arealet er på om lag 5 daa der det skal byggast minst 2,5 bustader per daa. Vik kommune har til hensikt å kjøpe nokre av desse bustadane og nytte dei som gjennomgangsbustader. Svarfrist frå tilbydarane er 30.11.2016. Oppstart fase 1 er planlagt å skje innan våren 2018. Kostnadane på «05: Bygging av gjennomgangsbustader», som er det desidert største kostnadselementet finansiert av Vik kommune, er difor venta å skje i 2018.

I tillegg er det fleire andre og større private og offentlege bustadbyggingsprosjekt under planlegging i kommunen. Desse er venta utbygd rett i etterkant av Øenmarki. Det kan være aktuelt å ha gjennomgangsbustader i desse prosjekta og.

Det er budsjettert med kr 3 millionar i 2017 og kr 9 millionar i 2018 til gjennomgangsbustadar.



## 7. Vedlegg

Vedlegg 1: Resultat av spørjeundersøkinga «Velkomen til Vik og arbeidsplassar 2014»

Vedlegg 2: Rekneskapstall

Vedlegg 3: Revisjonsuttale

